



PSW Technology AS  
Storemyra 251

5954 MONGSTAD

Referanser:

Dykkar: Ref.:IPVD53- Skjemanr.:4378  
Vår: 16/268 - 16/33845

Saksbehandlar:

Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:

09.12.2016

## Søknad om tilskot

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*

---

### Post

postmotak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914  
Isdalstø

### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567  
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Andre mottakarar:

PSW Technology AS

Jorunn K Fosse

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
154/16	Formannskapet	PS	08.12.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øystein Sørhaug	16/268

## PSW prosjekt capping stack - søknad på næringsfond

### Vedlegg :

Søknad om tilskotutvikling av capping stack – PSW Technology

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Lindås kommune løyver 200.000 kr til omsøkt prosjekt «utvikling av capping stack».

### Formannskapet - 154/16

#### FO - behandling:

Bjarte Vatnøy og Leif Sleire stilde spørsmål om habilitet då dei tidlegare har vore tilsett i PSW. Formannskapet gjorde vedtak om at dei er habil.

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

#### FO - vedtak:

Lindås kommune løyver 200.000 kr til omsøkt prosjekt «utvikling av capping stack».

### Saksopplysningar:

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet.

### Bakgrunn

PSW har dei siste åra etablert seg som oljeserviceaktør, seinast med mobilisering av Songa sine Cat-D riggar sto dei i førarsetet for å få etablert Fensfjorden/Mongstad som eigna og ny lokasjon for større og mindre riggoppdrag.

PSW har i denne samanhengen utforma eit prosjekt kor dei skal utvikla ein «capping stack». Ein «capping stack» har som formål å stoppa ustrømming av olje/gass ved ei mogleg ulykke knytta til leite- og produksjonsboring. Sjølve enheten er 85 tonn og mobiliserast med eit tilpassa fartøy.

Enheten skal lagrast på Mongstad.

Marknaden er prega av to store utenlandske aktørar i eit tilnærma «monopol». Desse ameriakenske aktørane har m.a. kontor i Stavanger i dag. Det har sjølvstakt ein påverknad på marknadsprisane, noko som gjer det legitimt å angripa eit slikt marked. Dette prosjektet ønskjer å tilby eit nasjonalt alternativ basert på mobilisering frå Mongstad, som har betre føresetnadar i form av fleire anløp, kortare veg til mobilisering og ein kompetent og teknisk oppegåande Mongstadregion med aktørar med eit breitt tenestespekter.

PSW sin kjernekompetanse innafor boring og vedlikehald av subseautstyr kan med noko tilpassing overførast til oppbygging av lokal kompetansebase for drift og vedlikehold, samt ein beredskapsorganisasjon knytta til «capping stack» med nedslagsfelt for store delar av norsk sokkel.

For PSW og Mongstadregionen er dette inngangsporten til eit nytt marked som i dag kun vert betjent frå Stavanger. Den lokale infrastrukturen på Mongstad med etablert og kompetent leverandørindustri gjer at Mongstad definitivt kan ta ein plass i leveransen av slike produkt/tenestar. Mongstad vil og verta satt på kartet i ein beredskapssamanheng.

PSW ønskjer støtte til opplæring og kompetanseutvikling og totalkostnadane i prosjektet er estimert til 1.828.603 kr. Næringsfondet er beden om å bidra med 521.640 kr (28,5%).

## Vurdering

Næringsfondet til Lindås kommune skal spesielt prioritera prosjekt innanfor industriutvikling, kompetanseheving, marknadsføring/profilering og samarbeidstiltak. Vidare skal det vurderast etter skjøn gjennomføringsevne, sysselsettingsbidrag-/effekt, markedshensyn og konkurranseomsyn. Det er og nokre kapitalgrenser som er satt i retningslinjene til fondet.

I det omsøkte prosjektet vil spesielt samarbeidstiltak og marknadsføring/profilering vere positivt, all den tid her er snakk om å etablere ein ny Mongstad-lokasjon for utvikling, drift og vedlikehald av ein «capping stack». Prosjektet er eigd av PSW, men med ein vellykka markedsetablering vil det dryppa på fleire aktørar i Mongstadregionen (kai, kranar, skip, teknologi og andre logistikktjenester m.m.).

Strategiane til felles strategisk næringsplan Lindås og Austrheim vil og vere relevant for vurdering av støtta:

1. Ny industrireising på Mongstad (nyskaping, entreprenørskap)
2. Ein synleg og tydeleg region (profilering, omdømme)
3. Ein attraktiv bu- og opplevingsregion (reiseliv, turisme, oppleving, landbruk, kultur)
4. Aktivt, positivt vertskap (kompetanseutvikling, entreprenørskap)

Her vil fleire strategiar vere relevant, for eksempel gjeld det ny det som er nedskreven i form av kompetanseutvikling, nyskaping og entreprenørskap – ikkje minst den oveordna strategien med ny industrireising på Mongstad. Her kan Mongstad verkeleg setjast på kartet og med nye tenester som og fleire aktørar på Mongstad kan støtta opp om og samarbeida om.

Interkommunal nærings- og samfunnsplan for region Nordhordland 2016-2025 har definert 4 fokusområder, deriblant næringsliv og innovasjon/gründerskap. Det overordna målet er definert som at næringslivet skal vera nyskapande og robust. Det er ein strategi i planen at ein skal stimulere til

meir teknologi- og produktutvikling.

Planen er vedteken av Lindås kommune og fleire av måla og strategiane er passande til det omsøkte prosjektet.

Den regionale næringsplanen til Hordaland 2013-2017 er og tydeleg på at ein ønskjer enno meir entreprenørskap og innovasjon, herunder fleire gode gründerar og fleire vekstkraftige verksemder. Det betyr i praksis at ein må bidra til finansiering av verksemder i tidleg fase og til utviklingsprosjekt med risiko, som det også står eksplisitt om i planen.

Planen er vedteken av Lindås kommune og det ovanståande vil vera relevant i den samla vurderinga av det omsøkte prosjektet.

Strategisk næringsplan for Bergensregionen er og tydeleg på at rammvilkår til næringslivet er eit sentralt poeng kor det offentlige kan bidra og bistå med å avlaste og redusere prosjektrisiko og tildele økonomiske tilskott. Planen peikar og på innovasjon- og entreprenørskapssatsingar som viktige bidrag for næringsutvikling.

Planen er vedteken av Lindås kommune.

Prosjektet er godt og det er veldig kjekt at verksemder på Mongstad satsar på utviklingsarbeid og sal av ny tenesteleveransar som idag ikkje vert tilbydt ut frå Mongstad.

PSW har sidan 2011 fått utbetalt 810.000 kr frå næringsfondet. Dei har fått desse midlane i konkurranse med andre og fordi prosjektene deira er av god kvalitet. Det er også tilfelle med dette prosjektet. Poenget med kvalitet er viktig all den tid næringsfondet er retta inn som ein konkurransepott som ber om best mogleg søknadar frå næringsaktørar. Det er ingen andre verksemder som har fått så mykje frå kommunen sitt næringsfond som PSW, på den eine sida er det viktig å understreka at verksemda er flinke til å tenkja utviklingsarbeid og prosjektgevinst – mens på den andre sida er det viktig at andre prosjekt og kjem i posisjon. Uansett korleis ein vrir og vendar på det er det begrensningar på disponibel ramme frå kommunen sitt næringsfond.

I retningslinjene til næringsfondet er det nokre kapitalgrenser som må overhaldast. Pga begrensa midler i disponibel ramme til fondet er det heilt umogleg å tilrå støtte som definert som «kommunalt prioritert prosjekt». Til dette prosjektet er ein naudt til å tilrå støtte som definert som «bedriftsutvikling, etablering og marknadsføring». Denne har ei kapitalgrense på 200.000 kr. PSW har heller ikkje bede om støtte til investeringar.

Etter ei samla vurdering ønskjer Lindås kommune å løyve 200.000kr til det omsøkte prosjektet (11%).

Lindås kommune ønskjer lukke til med prosjektet og at støtta kjem godt med!

Kva ligg til grunn for støtta?

- Tilskot må tilbakebetalast viss det ikkje vert gjennomført etter planen – ref retningslinjene. «Etter planen» vil sei foreliggjande søknad til næringsfondet og eventuelle vedlegg.
- I retningslinjene til fondet står det at 50% av tilsagnet kan utbetalast ved oppstart og at resten vert utbetalt når investeringar er i samsvar med søknaden. Det er søkar sitt ansvar å dokumentera at investeringar er i samsvar med søknaden for å

få utbetalt dei siste 50%

- Får verksemda mediaomtale ønskjer Lindås kommune at det vert opplyst at Lindås kommune har vore med på å støtta prosjektet.
- Det skal leggjast fram rekneskap etter at prosjektet er gjennomført – ref retningslinjene.
- For å betala tilskotet ut på forskot, ber me om å få tilsendt eit kontonummer, dvs. send ein e-post til oystein.sorhaug@lindas.kommune.no og med e-post overskrift «utbetalingsanmodning for [prosjekttittel] og [verksemd]».

.....